

Erfaringar som læringsassistent i Spania

Rune Blakstad, læringsassistent i Spania

Ønskjer du å meistre spansk? Som læringsassistent i Spania får du ein unik sjanse til utvikle dei munnlege og skriftlege ferdigheitene dine i eit autentisk møte med språkbrukarar og kvardags situasjonar. I ein tett samanknytt krets av læringsassistentar frå heile verda vil du suga til deg språk, samfunn og kultur i eit trygt og sosialt miljø, samtidig som du får betalt for å gjere ein spennande jobb der du nyt rikeleg med fritid. Ei avslappa arbeidsveke legg opp til reiser, oppdagingar og opplevingar på dine egne vilkår. Er du driven i engelsk og lysten på eventyr, er dette ein gyllen sjanse!

Kvart år kjem omtrent 6500 læringsassistentar til Spania og fordeler seg rundt om på lærestader i alle regionane i landet. Formålet med programmet er først og fremst å fremje kultur- og språkforståing gjennom ei gjensidig kulturutveksling



Tre læringsassistentar framfor det verdskjende Guggenheim-museet i Bilbao, f.v. Callie (29, USA), artikkelforfattaren og Stas (23, USA).

som gagnar alle partar. Som læringsassistent tileignar du deg erfaringar og kunnskap om spansk språk og kultur, samtidig som du deler dine egne språkkunnskapar og din eigen kulturbakgrunn med elevane dine. Ferdighetsnivået i engelsk er generelt mykje lågare i Spania enn i dei nordiske landa, og elevane dreg derfor stor fordel av engelskkunnskapane dine. Som auxiliar de conversación (samtaleassistent) må du leggje særleg vekt på det munnlege sam-spelet med elevane.

Programmet går over åtte månader, frå 1. oktober til 31. mai, med tolv arbeidstimar i veka. Betaling skjer normalt ved slutten av kvar månad og ligg på mellom 700 og 1000 euro i månaden, avhengig av kvar i Spania du bur. Under søknadsprosessen presiserer du sjølv kvar i Spania du ønskjer å jobbe. Spania byr på noko for kvar smak, anten du føretrekkjer pulserande storbyliv eller landleg idyll, majestetiske fjellandskap eller langstrekke sandstrender. Lærestadene ligg over heile landet, og du kan dermed finne ein arbeidsplass som passar livsstilen din og fritidsinteressene dine. I søknaden oppgir du òg kva slags aldersgrupper du ønskjer å undervise – alt frå småbarnsalder til vaksenopplæring.

Sjølv visste eg ikkje stort om dei ulike delane av Spania før eg søkte. Eg tenkte at nordkysten sikkert kunne by på eit behagelig klima, og no bur eg altså i Bilbao, i hjartet av Baskerland. Her arbeider eg ved ein ungdomsskule. Bilbao er ein ganske stor by, med eit heilt spesielt urbant uttrykk, prega av den tidlegare industriverksemda. Rundt byen er det bratte fjell og grøne

skogar. Denne delen av Spania er enormt frodig og heilt forskjellig frå dei spørsteikte sandslettene i sør. Her går eg lange fjellturar med andre læringsassistentar eller slentrar rundt i den mellomalderlege gamlebyen og praktiserer spansk på kafear og marknader. Eg har skaffa meg ein brukt sykkel, og etter 20 minutt pedaltraking er det berre esel og appelsintre kvar enn ein ser. Kysten er berre eit steinkast unna, så her har ein hav, by og fjell i skjønn harmoni. Og det er ikkje kva som helst slags kyst heller, men sjølvaste Biscayabukta, der ein finn nokre av dei beste surfestrendene i Spania.



Ein sykkeltur langs den baskiske kyststripa i solnedgang er balsam for sjela.

I vekene før eg kom til Bilbao, hadde eg tett kontakt via e-post og telefon med ungdomsskulen der eg skulle jobbe. Dei første par vekene på jobb skulle eg berre observere klassemiljøet og bli kjend med



Baskerlandregionen i Spania er svært frodig og byr vakre fjell og idylliske landskap.

skulen og engelskavdelinga, slik at eg fekk ein mjuk start. Dei første oppgåvene var å introdusere meg sjølv og heimlandet mitt. (Spanjolar kan svært lite om Noreg og Norden og synest det er svært interessant med slike ting som brunost, spark og tacofredag.) Eg blei einig med dei andre engelsklærarane om at eg skulle seie til elevane at eg ikkje snakkar spansk, for då blir dei nøydde til å snakke meir engelsk i timane mine. Snart var eg inne i kvardagsrytmen på jobb. Som læringsassistent har du alltid med deg ein lærar i klasserommet, og det er veldig greitt, for då kan du vere den greie og reale, mens læraren står for kjeftinga når det trengst.

Mange vel å gi private undervisningstimar utanom lærarjobben. Det er stor etterspurnad etter privattimar i framandspråk i Spania, og mange barn og unge får privattimar på kveldstid og i helgene. Det

er sjølvsagt heilt opp til kvar enkelt om ein vil gi privattimar, men for mange er det ein enkel måte å tene litt ekstra lommepengar på. Timelønna ligg normalt på mellom 12 og 20 €.

I helgene er det nesten alltid utflukter og festar i regi av ei gruppe læringsassistentar, noko som gjer at det er lett å bli kjend med andre. Terskelen for å ta kontakt med dei andre læringsassistentane i WhatsApp- eller Facebook-gruppa er ikkje berre låg, men tilnærma flat. Det er veldig kjekt – og viktig – å kunne treffe nokon ein kan ta ein kaffi med eller gå ein tur saman med innimellom. Det er òg svært nyttig å dele erfaringar med nokon, særleg når det gjeld praktiske omsyn ved opphaldet. Mange har følgd programmet i fleire år og kjenner det spanske byråkratiet ut og inn. Det er ein god idé å skaffe seg slike venner!



Læringsassistentar på fjelltur, f.v. Andrea (24, Austerrike), Clara (25, Frankrike) og Zach (22, USA)

Læringsassistentane kjem frå heila verda. Dei fleste er i midten av 20-åra, men eg har vener i programmat på alt frå 21 til 37 år. Zach (22) frå Boston, Massachusetts underviser i gym ved ein barneskule og jobbar med barn i alderen 9–12 år. Han kombinerer språk og idrett ved å bruke engelsk i gymtimane. «Eg liker at vi kan bu i ein fantastisk by mens vi gjer ein jobb som er både morosam og givande», seier amerikanaren på nærmast flytande spansk. Andrea (24) frå Tyrol i Austerrike underviser ved ein offentlig språkskule (EOI). Ho har òg jobba som lærar i heimlandet og set særleg pris på undervisningserfaringa ho får. «Eg liker kulturutvekslinga», seier ho, «sjansen til å bu ein periode i eit anna land, bli kjend med mange forskjellige

menneske og øve seg på språket.» Clara (25) frå Paris i Frankrike gir vaksenopp-læring i fransk ved den same språkskulen. «Eg liker at vi kan jobbe og tene pengar samtidig som vi har mykje fritid!» skriv ho til meg, med fleire ropeteikn enn eg vil ta med her, men all denne frie tida er nettopp noko av det som gjer programmet så midt i blinken for språklæring.

På heimesidene til programmet finn du all den informasjonen du treng om sjølve programmet, og om kva du treng for å søkje. Du kan òg lese om oppgåvene til læringsassistenten og om erfaringar frå tidlegare programdeltakarar. I tillegg har programmet ein svært hjelpsam koordinator

i Noreg som er tilgjengeleg på e-post og telefon, og som hjelper deg med alt du måtte lure på i samband med søknadsprosessen.

Så dersom du ønskjer å prate, ete, puste og leve som ein spanjol mens du nyt eit avslappa arbeidstilvære med tid til å gjere akkurat det du vil, skal du bli læringsassistent!

Meir info finn du her:

- <http://www.educacionyfp.gob.es/paises-nordicos/asesoria-paises-nordicos.html>
- <http://www.educacionyfp.gob.es/servicios-al-ciudadano/catalogo/profesorado/convocatorias-para-extranjeros/auxiliares-conversacion-extranjeros-espana.html>